

Årsmøte i Flora Industri- og Næringsforening 19. mars 2026 kl. 18.00 - 20.00
Scandic Hotel Florø, 38 personar møtte fram.

PROTOKOLL

1. Opning ved leiar i FIN, Tor Førde

Sakliste og innkalling vart godkjent.

2. Val av møteleiar

Tor Førde vart vald.

3. Val av sekretær

Maria Hunvik vart vald.

4. Val av to representantar til å skrive under protokollen.

Ole Schanke Eikum og Ola Teigen vart valde.

5. Årsmelding for 2025

Framlegg til årsmelding var utsendt og vart gjennomgått. Årsmøtet godkjende årsmeldinga.

6. Driftstilskot 2026

Framlegg KPI-justering av driftstilskot er godkjent, med start frå i år.

7. Styrehonorar 2026

Framlegget om vidareføring av dagens satsar for honorar vart godkjent.

8. Rekneskap for 2024 og budsjett 2025

Framlegg til rekneskap og budsjett var utsendt og vart gjennomgått. Årsmøtet godkjende rekneskap og gjekk for alternativ 2 med arbeidande ressurs i FIN.

9. Arbeidsprogram for 2025

Gjennom ei Menti-undersøking kom medlemmane med innspel på ulike spørsmål. Flora Industri- og Næringsforening forbindast med samarbeid, møteplass og nettverk, eit talerør for næringslivet, påvirkning, utvikling, politikk og industri. Den klart største utfordringa for medlemmane framover er rekruttering og sikring av rett kompetanse. Kraft, geopolittikk og regulering er også utfordringar som pregar medlemsmassen. På den andre sida ser medlemmar teknologiutvikling, nye tenester, investering, AI og automatisering og berekraftig omstilling som moglegheiter framover.

Medlemmane meiner at aktivitetar som synlighet og politisk påvirkning lokalt, nettverksbygging og samarbeid er dei viktigaste områda for FIN framover. Dei ønsker faglige samlingar og sosiale arrangement som til dømes . FIN bør og sette av midlar til ein arbeidande ressurs for betre måloppnåing.

10. Val av styre

Innstillinga frå valkomitéen vart framlagt av Bjørn Hollevik, og vedteken slik den låg føre.

Styreleiar	Tor Førde, K. Jansen (leiar, for eit år)
Styremedlem	Linn Theres Nekkøy, Aksello (nestleiar, for to år)
Styremedlem	Tore Nytingnes, Fokus Elektro (attval, for to år)
Styremedlem	Ninja Tolo Ness, Westcon (ikkje på val)
Styremedlem	Andreas Grøneng, Consto (ikkje på val)
Varamedlem	Aina-Elin Karlsen Lavik, Cargill (ny, for 1 år)
Varamedlem	Cecilie Halvorsen, ECIT (attval, for 1 år)

11. Val av valkomité

Etter innstilling frå styret vart desse valde som valkomité:

Ann-Kristin Strømmen, Marianne Ullaland Knapstad og Bjørn Hollevik.

12. Benkeforslag

Forslag frå Hallgeir Bruvik i Cedra om å bytte namn frå Flora Industri- og Næringsforening til Florø Industri- og Næringsforening. Forslaget blei enstemmig vedtatt.

Temamøte etter årsmøte:

- Den nye verftsleiaren Even Rønnekleiv orienterte om sin bakgrunn frå bransjen og kva moglegheiter som ligg der framme for både verftet og byen.
- Utdanningsmedlemmane Øystein Stavø-Høvig og Knut Clausen orienterte om korleis utdanningsmarknaden ser ut framover. Kva linjer søker elevar i regionen seg inn på og korleis kan vi sikre eit godt utdanningstilbod i Florø framover.


Maria Benæs Hunvik


Ola Teigen


Ole Schanke Eikum